

# **Årsmelding for Fjon Musikklag 30.09.22 – 21.03.23**

Sandnes skule, 21.03.23

## **Perioden hausten 2022:**

Haustsesongen 2022 starta opp med dirigent Olav Kristiansen og om lag 15 faste musikantar. Øving kvar tysdag kl. 19.45 - 21.30.

## **Det sittande styret etter årsmøtet 30.09:**

Torill Torsvik Størkersen, leiar (2 år i styret – 1 år som leiar)

*Merk: vald på ekstraordinært årsmøte 18.10.22*

Tonje Romarheim, styremedlem (2år)

Kjersti Andvik, styremedlem (1 år)

Aina Sleire, kasserar (1 år)

## **Varamedlem:**

Renee Kårtveit (2år)

## **Revisor:**

Sigrun K. Andvik

## **Valnemnd:**

Bjarte Andvik (1år)

Solfrid Kvamme (2år)

## **5 nye medlemmer starta opp hausten 2022:**

Jolaug Haugsvær, Åshild Skuggedal, Linn Andvik Lahti, Tonje Romarheim og Helge Myklebust Indrevær. Me er svært glade for alle nye medlemmer!

## **Arrangement/ konsertar:**

Haustsemesteret starta med øving fram mot Bingsert 4. oktober på Sandnes skule og Oktoberfest i Nordbygda samfunnshus, laurdag 22. oktober. Ulikt repertoar vart øvd inn, men mykje det same frå oktoberfesta i 2021 vart nytta.

Fjon var også dette året teknisk arrangør for julekonserten i Sandnes kyrkje, med dato laurdag 10.12.22. Julekonsertane er tradisjonen tru, ei fin samling av musikalske krefter i bygda, med regi gjennom kulturskulen, og i år var det nok ei fin førjulsoppleving for dei fram møtte. Nytt repertoar vart øvd inn til julekonserten.

2023 januar - mars:

Med litt ulikt fram møte på øvingane, måtte styret med oppmøding frå dirigent, utsette den planlagde bingserten 21.02. Ny dato er ikkje satt enno, men etter påske.

Planlagt aktivitet:

**Måndag 27. mars** er det planlagt måndagskonsert saman med Sandnes skulemusikk.

**Laurdag 6. mai – søndag 7. mai:** Tur til Florø og Flora og Bremanger Brass Band

**Laurdag 13. mai:** Konsert og sos. samver med Askøy Brass Band

**Laurdag 27. mai:** Utekonsert på Sandsneskafeen 2728

#### Styremøter/ Medlemsmøter:

Styremøter og medlemsmøter er blitt haldne etter behov, eller pr teams og chat i enkelte saker.

Det er blitt halde 2 styremøter i løpet av denne perioden.

#### **Økonomi:**

Kasserar går gjennom rekneskapen.

#### **Nye medlemmer i 2023:**

Steinar Torsvik Størkensen, Synne Kristin Søvde Holmaas og Kristin Andvik Haugsdal auka medlemstalet vårt i månadane februar og mars. Medlemstalet pr. 21.03.2023 på 18 medlemmer. Dette er ei flott styrke for laget.

#### Musikalske utfordringar:

Korpset har lagt vekt på variert repertoar som vi må strekkje oss etter, og som melodiøst kling godt i mindre besetning.

Vi takkar Olav Kristiansen for framifrå innsats som musikalske leiarar for laget i denne årsmeldingsperioden.

Fjon Musikklag

- Styret-